

## SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

### PROTOKOLL

Tysdag **5. februar 2024** blei det halde møte i Sveio kontroll- og kvalitetsutval under leiing av utvalsleiar Kjartan Moe Hustvedt.

<b>MØTESTAD:</b>	Sveio kommunehus, kommunestyresalen
<b>MØTESTART/SLUTT:</b>	Kl. 14.00 – 16.15
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Kjartan Moe Hustvedt (MDG), Per S. Wathne (Krf), og Andreas Bårtvedt (H)
<b>MØTANDE VARAMEDLEMMER:</b>	Eli N. Vihovde (SV) og John K. Liknes (TvF)
<b>FORFALL/IKKJE INNKALLA:</b>	Marit Elise Lier (Ap) Ole Johan Sveen (TvF) var ikkje kalla inn, då det framleis er usikkert om han er valbar til utvalet.
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Dagleg leiar/utvalssekretær Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ ROGALAND REVISJON:</b>	Forvaltningsrevisor Linn Christin Bakken
<b>FRÅ ADMINISTRASJONEN:</b>	Rådmann Jostein Førre Kommunalsjef oppvekst Elisabeth Nygaard i sak 6, pkt. 7
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTEN:</b>	Ingen

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA

#### **SAK 01/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 21.11.23**

**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 21.11.23 blir godkjent slik han ligg føre.

**Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 05.02.24:**

Utvalet hadde ingen merknader.

**Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 05.02.24:**

*Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 21.11.23 blir godkjent slik den ligg føre.*

## **SAK 02/24 TINGING AV REVISJONSPROSJEKT – «PLAN- OG BYGGSAK»**

### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tingar forvaltningsrevisjonsprosjektet «Plan- og byggsak» frå Rogaland Revisjon i tråd med prosjektmandatet av 16.01.24.

Ramma for prosjektet blir sett til 250 timar.

### **Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 05.02.24:**

Leiar innleia om saka. Forvaltningsrevisor gjorde greie for mandatet og svara på spørsmål. Leiar fortalte frå kommunestyret si handsaming.

Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til mandatet slik det var fremma.

### **Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 05.02.24:**

*Sveio kontroll- og kvalitetsutval tingar forvaltningsrevisjonsprosjektet «Plan- og byggsak» frå Rogaland Revisjon i tråd med prosjektmandatet av 16.01.24.*

*Ramma for prosjektet blir sett til 250 timar.*

## **SAK 03/24 ROGALAND REVISJON IKS OM REVISOR SI ROLLE OG ANSVARSOMRÅDE**

### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Sveio kontrollutval tar informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde i engasjementsbrevet av 14.11.23 til orientering.

### **Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 05.02.24:**

Utvalssekretær gjorde kort greie for saka og revisor sitt engasjementsbrev. Utvalet hadde ingen merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 05.02.24:**

*Sveio kontrollutval tar informasjonen frå Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde i engasjementsbrevet av 14.11.23 til orientering.*

## **SAK 04/24 PLAN FOR ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN**

### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen:

06.05.24	administrasjonen v/rådmann
09.09.24	skule, barnehage og kultur v/kommunalsjef
11.11.24	utvikling v/kommunalsjef
1. møte 2025	helse og omsorg v/kommunalsjef
2. møte 2025	økonomiavd. v/økonomisjef
3. møte 2025	personalavd. v/personalsjef
4. møte 2025	IKT-avdelinga

Møte nr. 1/24

Tidsramma vert sett til 30 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

**Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 05.02.24:**

Leiar gjorde greie for saka. Sekretær og rådmann kommenterte forslaget. Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til planen slik den var fremma.

**Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 05.02.24:**

*Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen:*

06.05.24	administrasjonen v/rådmann
09.09.24	skule, barnehage og kultur v/kommunalsjef
11.11.24	utvikling v/kommunalsjef
1. møte 2025	helse og omsorg v/kommunalsjef
2. møte 2025	økonomiavd. v/økonomisjef
3. møte 2025	personalavd. v/personalsjef
4. møte 2025	IKT-avdelinga

*Tidsramma vert sett til 30 min. inkludert spørsmål.*

*Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.*

**SAK 05/24 SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL - ÅRSMELDING 2023**

**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Sveio kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2023 slik den ligg føre (med evt. endringar/tillegg).

**Innstilling til kommunestyret:**

Sveio kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2023 til orientering.

**Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 05.02.24:**

Leiar gjorde greie for forslaget til årsmelding. Sekretæren svara på spørsmål frå medlemmene.

Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til innstillinga.

**Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 05.02.24:**

*Sveio kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2023 slik den ligg føre.*

**Innstilling til kommunestyret:**

*Sveio kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2023 til orientering.*

## **SAK 06/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER**

1. Statusrapport pr. februar 2024
2. KST-vedtak 06.11.23, sak 133/23 – oppfølging av revisjonsrapport
3. Tertialrapport pr. 31.12.23 frå Rogaland Revisjon IKS
4. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst 08.12.23
5. NKRF konferansen 31.01 – 01.02.24 - oppsummering v/sekretær
6. Invitasjon til FKT sin fagkonferanse på Gardermoen 4. – 5. juni
7. Tilbakemelding på spørsmål frå utvalet om PPT og Støymøy gard - frå rådmannen

### **Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 05.02.24:**

Utvalssekretær gjorde greie for referatsakene. Han fortalte frå ein interessant og lærerik konferanse på Gardermoen. Utvalsmedlem som ønskjer å reise på FKT-konferansen i juni gir beskjed til sekretariatet.

Kommunalsjef oppvekst Elisabeth Nygaard viste til den skriftlege tilbakemelding på spørsmåla om PPT og Støymøy gard. Ho utdjupa tilbakemeldinga og svara på spørsmål frå medlemmene.

Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader til referatsakene.

### **Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 05.02.24:**

*Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 1 – 7 til orientering.*

### **EVENTUELT**

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

I etterkant av møtet hadde Rogaland Revisjon eit dialogmøte for å få innspel til arbeidet med risiko- og vesentleganalyse.

**Neste møte:** måndag 6. mai kl. 14.00

**Saker:** kommunens årsrekneskap, revisjonsrapport «Pleie og omsorg», presentasjon av ROV-analysen og forslag til nye planar og orientering frå rådmannen.

Sveio/Aksdal, 05.02.24

Kjartan Moe Hustvedt  
Utvalsleiar

Odd Gunnar Høie  
Utvalssekretær